

DRUSA

Aashild Driveklepp

*Når etter stein vi er på jakt
og hakkar av vår vesle makt,
i håp om druser finne
i kvartsen fin der inne.*

*Men nei og nei vi heimatt dreg
det skal ei lukkast på vår veg,
det aldri ville henda
kor mykje enn du venda.*

*Men så ein dag, ei steintur var
vår tur litt opp i lia bar,
det anga godt av naturen rein
ein haustdag fin og sola skein.*

*Og der og då når minst du tenkte
du ser ei åre som skein og blenkte,
du tek ein titt, du store min
ja tett i tett med krystallar fin.*

*Med hender tome du ei kan grava
du vert så rådlaus fer rundt og travar,
men så eit lys går opp for deg
tek så bilen på heimveg dreg.*

*Vi hentar reidskap tilbake fer
men fyrst til bonden og pent vi ber,
om hankan vera så gjev ein kar
og gi oss løyve som grunnen har.*

*Med stuffar fine, ja reine under
få kjenna gleda med slike stunder.
No håpet oppfylt og finna få
ei fine druse med krystallar på.*

SLIPING

Inger Årflot

*I dag
fann eg
ein stein.
I morgon
sliper eg
eit smykke.
Ein stein
eitt smykke -
Ein prosess
i steinen
og i
meg sjølv.
Sliper bort
skarpe kantar
djupe riper.
Får fram
mønsteret
som ligg
gøymt
der inne
i den
grå
uslipte steinen.*

Frå Krystallposten